



Arkivnr: 2015/5430-7
Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		08.03.2016

Tildeling av økonomisk støtte i samband med markering av 8. mars

Samandrag

På møte i Fylkesutvalet den 25. februar vart følgjande oversendingsforslag framsett:

Silje Hjemdal (Frp) sette på vegner av Frp, H, V, MDG, SV, KrF, Sp og A fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

"Fylkesutvalget oppfordrer fylkesordføreren til å legge opp til markering av kvinnedagen 8. mars i forbindelse med fylkestinget. Gjerne med et internasjonalt fokus i solidaritet med verdens kvinner som ikke har de samme rettighetene som kvinner i Norge. Markeringen kan gjerne også berøre utdanning som er viktig både i et fylkes-, nasjonalt og internasjonalt perspektiv."

I samband med denne markeringa blir det her lagt fram forslag om å gi ei pengegåve til ein organisasjon som driv med utdanning for jenter.

Organisasjonen «Svalene» driv yrkesutdanning for jenter i Peru. Dei driv mellom anna ein yrkesskule i utkanten av Lima, Peru, som gir gratis undervisning til unge jenter som anten er foreldrelause, kjem frå familiar med dårleg økonomi eller heimar med andre store utfordringar.

Forslag til vedtak

I samband med markering av kvinnedagen 8. mars 2016, gir Fylkesutvalet ei pengegåve pålydande kr. 50 000,- til drift av skulen «Cristiania» som driftast av organisasjonen «Svalene».

Beløpet vert dekkja over Fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.